

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 14/3211-1

Kostnader med installasjon av digitalt naudnett (TETRA) og digital radio (DAB) i tunnelar

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsele til å gjere slikt vedtak:

1. Det skal installerast digitalt naudnett og DAB-radio i Høyangertunnelen samstundes med at tunnelen blir rehabilitert.
2. Kostnadsramma for utbetningsarbeidet blir auka til 208 mill. 2014-kroner. Dette skal dekkast innan ramma til drift og vedlikehald
3. Etablering av DAB-radio i andre tunnelar som får nytt digitalt naudnett, må vurderast i samband med samla plan for rehabilitering av tunnelar.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

HS-sak 2/14 Utbetring av Høyangertunnelen.

Brev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om prioritering av naudnett i vegtunnelar i Sogn og Fjordane, datert 10. juni 2013

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I januar 2014 handsama Hovudutval for samferdsle ei sak med ambisjonsnivå og kostnadsramme for utbetring av Høyangertunnelen på fv. 55. Hovudutvalet bad om at kostnad med installering av nytt digitalt naudnett (TETRA) skulle utgreiast.

I denne saka har vi også teke med kostnad med etablering av digital radio (DAB) i tunnelar som får nytt digitalt naudnett.

Historikk - tidlegare vedtak

22. januar 2014 gjorde Hovudutval for Samferdsle følgjande vedtak, i HS-sak 2/14 Utbetring av Høyangertunnelen:

1. «Høyangertunnelen skal utbetrast innanfor ei kostnadsramme på 200 mill. kr.
2. Kostnadane skal dekkast innanfor rammene til vedlikehald av fylkesvegnettet i 2014-16.
3. Det vert utgreidd kva installering av naudnett vil koste. Når denne utgreiinga av kostnad er gjennomført, vil det vurderast om dette skal takast inn i det pågåande prosjektet med utbetring av Høyangertunnelen.»

Sentrale problemstillingar

Kostnadsoverslag for installasjon av digitalt naudnett og DAB-radio i Høyangertunnelen

Høyangertunnelen har korkje naudnett eller radiosamband i dag, og står følgjeleg ikkje på lista over tunnelar som skal få digitalt naudnett i 2014. I det planlagde utbetningsarbeidet i tunnelen blir det lagt til rette for seinare installasjon av digitalt naudnett og DAB-radio. Statens vegvesen har laga overslag over tilleggskostnad med å installere dette, basert på erfaringsprisar og prisar frå leverandørar. Radio- og forsterkarmodular for FM-radio er teke med sidan FM ikkje skal fasast ut før 2017. Dette påverkar berre i liten grad totalkostnaden.

Omtale	Kostnad (mill. 2014-kr)	Merknad
Naudnettutrusting	1,4	Sentral, forsterkarar mm
Infrastruktur knytt til radioanlegg	2,5	Gjeld diverse kablar, antenner, batteribackup, skilt etc.
Radioutrusting for FM og DAB	2,2	Radiosentral, radioforsterkar, innsnakkpanel etc.
mva	1,5	
Byggherrekostnad 10 %	0,6	
Totalt	8,2	

Det er føresett at arbeidet vert utført under gjennomføring av vedlikehaldsprosjektet i tunnelen. Der er knytt noko usikkerhet til prisane.

Kostnad med installering av DAB-radio i tunnelar som skal ha nytt digitalt naudnett

Det er tidlegare bestemt at alle tunnelar som har gamalt analogt naudnett, får installert nytt digitalt naudnett når dette vert innført i Sogn og Fjordane. I dag er det i tillegg FM-radiosamband i desse tunnelane. I 2017 er det meininga at FM-radiosambandet skal bli skifta ut med DAB-radio i heile landet. Då forsvinn radiosambandet i dei tunnelane som har radio i dag. I kostnaden med å installere nytt digitalt naudnett er det ikkje teke med kostnad med overgang frå FM- til DAB-radio. Tabellen under syner kostnad med etablering av DAB-radio i dei tunnelane som har analogt naudnett og FM-radio i dag, og som får nytt digitalt naudnettsamband i løpet av sommaren 2014:

Tunnel	Veg	Lengde (m)	Kostnad (mill. 2014-kr)
<i>Tunnelar som har naudnett i dag, og som var omfatta av tidlegare avtale mellom Direktoratet for Nødkommunikasjon og SVV frå 2008:</i>			
Skatestraumtunnelen	Fv. 616	1902	1,7
Naustbukttunnelen	Fv. 53	1080	1,6
Skåratunnelen	Fv. 617	664	1,2
Gullringtunnelen	Fv. 55	1210	1,6
<i>Tunnelar som er opna etter 2008, og som skal over frå analogt til digitalt naudnett:</i>			
Dalsfjordtunnelen	Fv. 609	540	0,6
Ottersteintunnelen	Fv. 609	1943	1,5
Nishammartunnelen	Fv. 609	2500	0,6
Agjeldtunnelen	Fv. 60	900	1,8
Bjødnebakktunnelen	Fv. 337	1400	2,0
Bortnetunnelen	Fv. 616	4790	2,4
SUM			15,0

I kostnadsoverslaget har Statens vegvesen føresett at all installasjon av DAB-radio i desse tunnelane blir gjort som ein jobb. Dersom dette skal gjennomførast i fleire omgangar (fleire kontraktar) vil kostnaden auka. Statens vegvesen gjer merksam på at det er noko uvisse i overslaget.

Andre opplysningar

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sende brev til Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen Region vest om prioritering av naudnett i vegtunnelar i Sogn og Fjordane 10. juni 2013. Prioriteringslista inneheld tunnelar på både riks- og fylkesveggar. Lista er naudetatane og

Fylkesmannen si felles prioritering. I prioriteringa er det lagt vekt på trafikkta, frekvens på ulykker, tunnallengde mm. Følgjande fylkesvegtunnelar er med på denne lista (i prioritert rekkefølge, riksvegtunnelar er utelatne frå lista):

Prioritering

1	Fv. 53	Steiggjetunnelen
3	Fv. 53	Finnsåstunnelen
6	Fv. 55	Høyangertunnelen
14	Fv. 614	Magnhildskartunnelen
15	Fv. 55	Vadheimstunnelen
16	Fv. 303	Seimsdalstunnelen
17	Fv. 53	Midnestunnelen
18	Fv. 50	Berdalstunnelen

Informasjon til trafikantar

Ved hendingar i tunnel kan Statens vegvesen gje melding til trafikantane gjennom radio. Det føregår ein diskusjon med Medietilsynet om korleis dei skal nå utanlandske køyretøy når DAB-radio blir innført i 2017, då dette berre skjer i Noreg. Vi reknar også med at mange norske køyretøy framleis vil ha gamle radioar utan DAB. Førebels er det ikkje gode løysingar på dette problemet.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Dersom vi skal installere digitalt naudnett (TETRA) og DAB-radio i Høyangertunnelen, vil kostnadsoverslaget for utbetningsprosjektet auke med om lag 8 mill. kr. Dette kan få konsekvensar for andre vedlikehaldstiltak på fylkesvegnettet dersom ikkje totalramma til vedlikehald vert auka tilsvarende. Overslaget er basert på at arbeidet vert gjort samstundes med øvrig vedlikehaldsarbeid i tunnelen, saman med anna elektroarbeid. Dette er ein relativt liten auke (4 %) i totaloverslaget for utbetningsarbeidet.

Det er førebels ikkje sett av midlar til etablering av DAB-radio i tunnelar som får installert nytt digitalt naudnett. Statens vegvesen vil legge til rette for at dette kan installerast når det eventuelt bli løyvd midlar.

Andre konsekvensar

Det har vore fleire alvorlege trafikkulykker i Høyangertunnelen. Det er eit sterkt ønske frå Høyanger kommune å få etablert naudsamband og radio i tunnelen, i tillegg til at den står høgt på prioriteringslista til Fylkesmannen og naudetatane. Tunnelen har heller ikkje mobilisamband. Sjølv om det er relativt lite trafikk i Høyangertunnelen, har den ein viktig funksjon for transporten langs Sognefjorden og tilkomst til Høyanger og næringslivet i kommunen. Tunnelen er lang, og hendingar kan få alvorlege konsekvensar.

Tilbodet til trafikantane blir dårlegare når radiosambandet blir borte i dei tunnelane som har radio i dag. Vi misser også høvet til å gje informasjon til trafikantane gjennom radio (innsnakk).

3. Konklusjon

Statens vegvesen meiner at ut frå lengda på Høyangertunnelen og moglege konsekvensar av hendingar i tunnelen, er det fornuftig å installere digitalt naudnett og DAB-radio samstundes med at tunnelen blir rehabilitert. Kostnadsramma for utbetningsarbeidet bør difor aukast til 208 mill. 2014-kroner.

Etablering av DAB-radio i øvrige tunnelar som får nytt digitalt naudnett, må vurderast i samband med samla plan for rehabilitering av tunnelar.